

Årsmelding for året 2008 for Medisinsk Mållag

Styret for Medisinsk Mållag har i 2008 vore samansett slik: Turid Thune, leiar. Haldor Slettebø, nestleiar. Øygunn Kallevik, kasserar. Arne Nakling, skrivar. Mette Løkeland Stai, styremedlem. Reidar Kvåle, styremedlem. Heile styret er på val i 2009.

Det har vore halde fire styremøte i 2008.

Laget hadde ved årsskiftet 128 medlemmer. Rapporten frå Norges Mållag melder at 121 er aktive medlemmer, 104 betalande. Nye medlemmer: 5, betalande: 2. Utmelde: 1. Talet på betalande medlemmer er stabilt.

I februar 2008 var leiaren og skrivaren på møte i Norges Mållag saman med leiarane i dei andre yrkesmållaga. Det vart gjeve informasjon om korleis ein skal oppdatere nettsidene og snakka generelt om nettverksbygging. Det var ordskifte om dei særskilde utfordringane yrkesmållaga har og kome med framlegg om kva sentrallekken i NM kan hjelpe yrkesmållaga med. Alle laga ynskte hjelp til å henta inn e-postadressene til medlemene.

Styret har lagt vekt på arbeidet med å revidera "Medisinsk Journalskriving". Målet er å laga ei elektronisk utgåve av boka som kan vera tilgjengeleg for alle som arbeider i helsestellet. Det har vore vanskeleg å få fullført arbeidet, men styret har vedteke å halda ein verkstad i februar 2009 med mål å få fullført revisjonsarbeidet.

Det har ikkje vora skipa til noko samkome for medlemene i 2008. Styret har heller ikkje gjort nokon utspel i høve til media. Etter førespurnad frå avisa vart Medisinsk Mållag presentert i "Dagens Medisin" i august 2008.

Turid Thune
28.01.09